

## Notat

**Til:** Hovudutval for opplæring  
**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

### Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 - opplæring

#### 1. Bakgrunn for saka

I budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017, kapittel 2 Budsjettprofil, heiter det m.a.:

«På sikt må organisasjonen bu seg på at dagens driftsnivå må reduserast. Det må setjast i gang eit målretta arbeid for å sikre at fylkeskommunen til ei kvar tid har fokus på dei viktigaste oppgåvene innafor ei venta søkkande inntektsramme. Ein vesentleg del av hovudutvala sitt bidrag til/legitimitet i budsjettarbeidet ligg i å gje finansutvalet eit godt avgjerdsgrunnlag gjennom å prioritere eigen sektoraktivitetar innbyrdes. I løpet av våren 2014 skal hovudutval gå gjennom sektoren sine aktivitetar og rangere desse (altså ei rekkefølgetenking, ikkje rammetenking som i dag). Dette skal danne grunnlaget for dei grep det må takast stilling til i komande planperiode.»

På bakgrunn av dette fekk hovudutvala, i arbeidsdokument 1/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet, i oppgåve å fremje ei innbyrdes prioritering mellom dagens aktivitetar på eigen sektor. I arbeidsdokumentet heiter det m.a.:

«Hovudutvala står fritt til å fastsette prosess og angrepsvinkel. Følgjande generelle føresetnader skal leggst til grunn;

Plattform for prioriteringsarbeidet: Tenestenivået i kontoplanen.

«Output»: Klår prioriteringsrekkefølge på område/aktivitetar innafor sektoren.

Tidshorisont: økonomiplanperioden (1-4 år).

Bindingar: skal vurderast, og sjølvpålagde bindingar skal ikkje leggst vekt på i prioriteringane.

Lovpålagde oppgåver: må ta omsyn til strukturkostnader om ein nyttar dette som prioriteringskriterium.

Fylkeskostra: bør nyttast som illustrasjon på ressursbruk i høve andre fylkeskommunar på hovudaktivitetar innan kvar sektor (referanse AGENDA-rapporten 2010). Det skal nyttast R- 2013-data.

Blanda finansiering: «utløysing» av statlege midlar som prioriteringskriterium skal vurderast eksplisitt.

Tidsfrist: Endeleg prioriteringsvedtak i hovudutvala seinast 17. juni.

Fylkesdirektørane får ansvar for å utarbeide naudsynt grunnlagsmateriale for hovudutvala sitt prioriteringsarbeid.»

I samsvar med arbeidsdokument 2/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet og notat til drøfting til HO på møtet 25.03.14 er det lagt opp til følgjande arbeidsmetode:

- Tenestene på den enkelte sektor vert sortert i ulike «pakkar» bygd på innbyrdes samanhengande tenester. Nokre sektorar vil få fleire slike «pakkar», medan det for andre kan vere mest naturleg å sjå alle tenestene i samanheng – i ei «pakke».
- Kvar av desse «pakkane» skal så brytast ned i aktivitetar/tenester ved å definere:
  1. Eit kjernenivå som representerer minimumsnivået på tenester som må ytast for å ikkje bryte lova/alternativt for at det skal kunne forsvarast å oppretthalde ei teneste. Kjernenivået representerer førsteprioritet
  2. Framhald av dagens tenestenivå: Tenester/ytingar som går ut over kjernenivået på tenesta og opp til dagens tenestenivå i prioritert rekkefølge. Framhald av dagens tenestenivå representerer andreprioritet.

I arbeidsdokument 2/14 frå fylkesrådmannen til finansutvalet heiter det m.a.:

«Fylkesrådmannen legg vekt på at det ikkje skal gjerast omfattande utgreingar i denne omgang. Arbeidet bør avgrensast til å gje anslag på kva enkelte «tilleggsfunksjonar» kostar og kva meirverdi dei tilfører. Neste trinn vil vere at finansutvalet i juni vel ut område der dei ynskjer nærare utgreiing. Dette kan vere som følgje av nye rammeføresetnader, eller at finansutvalet ev. ynskjer å vurdere omdisponeringar mellom sektorane.»

I dette notatet legg fylkesdirektøren fram ei skisse til prioritering på overordna nivå. Fylkesdirektøren skisserer vidare opplegg for og nivå på tilbakemeldinga frå hovudutvalet for opplæring (HO) til finansutvalet. Endeleg sak om prioritering innan opplæringssektoren, som grunnlag for fylkesutvalet sitt vidare arbeid, vert lagt fram for HO til handsaming på møtet 17. juni.

## 2. Lovgrunnlag

Opplæringslova § 13-3 regulerer plikta fylkeskommunen har til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for alle som er busette i fylket. Fylkeskommunen skal planleggje og byggje ut eit opplæringstilbod i samsvar med nasjonale mål, søkjarane sine ønske og behovet samfunnet har for vidaregåande opplæring i alle utdanningsretningar og for ulike aldersgrupper. Ansvar for omfattar også spesialundervisning, opplæring i fengsel og i sosiale og medisinske institusjonar. Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene til den enkelte og føre fram til studiekompetanse, yrkeskompetanse eller grunnkompetanse (§1-3 og § 13-3).

Opplæringslova stiller ingen krav med omsyn til tal skular, storleik eller geografisk plassering. Fylkeskommunen må sjølv avgjere kva skulestruktur som er best eigna for å oppfylle lovkrava.

### 2.1 Rettar til vidaregåande opplæring

Ungdomsretten til vidaregåande opplæring er regulert i § 3-1 *Rett til vidaregåande opplæring for ungdom*: "Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarende opplæring, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring..."

Til vidaregåande opplæring nivå 1 (vg1) har søkjarar med ungdomsrett rett til inntak på eitt av tre utdanningsprogram dei har søkt på, og til to år vidare opplæring innanfor same utdanningsprogram.

Ungdomsretten gjeld vidaregåande tilbod i heile fylket, men den er ikkje knytt til ein særskilt skule.

Vaksne sin rett til vidaregåande opplæring finn ein i § 4A-3 *Rett til vidaregåande opplæring for vaksne*:

«Vaksne som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring».

## 2.2 Rett til skyss

Retten til skyss er omtala i § 7-2 *Skyss og innlosjering i den vidaregåande skolen*: "Elevar i vidaregåande skole som bur meir enn seks kilometer frå skolen, har rett til gratis skyss eller full skyssgodtgjersle. Når det er nødvendig, har elevar rett til gratis båttransport utan omsyn til reiselengda".

Budsjettet for skuleskyss inngår i den økonomiske ramma for samferdsle.

## 2.3 Kvalitet i opplæringa

Med ansvaret for vidaregåande opplæring i offentleg regi, jf. § 13-3, følgjer også at skuleeigar pliktar å arbeide for høgast mogleg kvalitet i opplæringa. Omgrepet *kvalitet i opplæringa* er mangetydig, jf. mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2012-2015. Fagleg og pedagogisk kompetanse hos personalet er likevel overordna. I opplæringslova er dette formulert slik i § 10-8: *Skuleeigaren har ansvar for å ha riktig og nødvendig kompetanse i verksemda*.

Fylkeskommunen har i tillegg plikt til å syte for rettleiing og kvalitetsutviklingstiltak som m.a. kan gje god samanheng mellom grunnskule og vidaregåande opplæring (opplæringslova §13-3c).

## 2.4 Fagskuleutdanning

Fylkeskommunane sitt ansvar for fagskuleutdanning kjem til uttrykk i § 1 i fagskulelova:

«Fylkeskommunen skal sørge for at det tilbys godkjent fagskuleutdanning som tar hensyn til lokalt, regionalt og nasjonalt kompetansebehov innenfor prioriterte samfunnsområder.»

## 3. Nærare om tenestene i opplæringssektoren

Tenestene i opplæringssektoren kan delast inn i følgjande «pakkar»/tenesteområde:

«Pakke»/tenesteområde	Programområde
Vidaregåande opplæring i skule	510 Skulelokale og internatbygningar 515 Fellesutgifter og støttefunksjonar knytt til vidaregåande opplæring 520 Pedagogisk leing, pedagogiske fellesutgifter og gjesteelevoppgjer 521-532 Utdanningsprogramma 561 Oppfølgingstenesta og pedagogisk psykologisk teneste 562 Tilpassa opplæring
Vidaregåande opplæring i bedrift	570 Fagopplæring i arbeidslivet
Vaksenopplæring	581 Vaksenopplæring etter opplæringslova
Landsliner	559 Landsliner
Fagskuleutdanning	554 Fagskule
Andre føremål	590 Andre føremål

Under følgjer ei oversikt over lovpålagde tenester og framhald av dagens tenestenivå innan dei ulike tenesteområda («pakkane»). For å synleggjere omfang av og kostnad ved tenestene er det i oversikta også synleggjort kor stor løyvinga i budsjett 2014 er til dei ulike tenestene (samla løyving til føremålet). Det er såleis i dette notatet ikkje berekna kva som er minimum kostnadsnivå og mogleg innsparingspotensiale for tenester der det kan vurderast strukturelle tiltak eller for

tenester som kan vurderast redusert til eit minimum. For tenester som ikkje er lovpålagde viser løyvingstala mogleg innsparingspotensiale om tenester vert tekne bort. Løyvingstala må kvalitetssikrast nærare i samband med saka til hovudutvalet i juni.

### 3.1 Vidaregåande opplæring i skule

#### 3.1.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingnivå i perioden (i mill. kr):

2014	2015	2016	2017	2018
687,9	688,2	678,1	652,0	626,8

Reduksjonen i den økonomiske ramma i perioden kjem som følgje av redusert gruppetal og strukturendringane som følgje av skulebruksplanen. For åra 2014-2016 inneheld løyvinga eit auka nivå på omstillingsmidlar i samband med omstillingsarbeidet.

#### 3.1.2 Kjernenivå – lovpålagde tenester, førsteprioritet:

Tenester	Løyving 2014 (i mill. kr)
• drift av opplæringstilbodet <sup>1</sup>	508,0
• naudsynt leiingsressurs på skulane, i samsvar med avtaleverk	29,4
• tilpassa opplæring (inkl. særskilt språkopplæring og spesialundervisning)	63,8
• oppfølgingsteneste	6,9
• pedagogisk-psykologisk teneste	12,3
• naudsynt rådgjeving om utdanning, yrkestilbod, yrkesval og sosiale spørsmål, i samsvar med avtaleverk	6,6
• naudsynte trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr (gratis læremiddel)/PC-ordninga	11,8
• tilgang til skulebibliotek	4,5
• byggvedlikehald (inkl. reinhald, vaktmeistertenester og driftsvedlikehald av skulebygg)	58,6
• kontorressurs	20,1

#### 3.1.3 Framhald av dagens tenestenivå, andreprioritet:

Tenester fylkeskommunen må ha, men der ein kan vurdere strukturelle tiltak	Løyving 2014 (i mill. kr)
• skulestruktur (ut over vedteken skulebruksplan)	Krev nærare utgreiingar
• bibliotektenesta	3,8
• e-pedagog	1,2
• systemansvarleg IKT	8,5
• oppfølgingstenesta	6,9
• pedagogisk-psykologisk teneste	12,3

Tenester fylkeskommunen må ha, men som kan vurderast redusert til eit minimum	Løyving 2014 (i mill. kr)
• naudsynte trykte og digitale læremiddel og digitalt utstyr (gratis læremiddel)/PC-ordninga	11,8
• byggvedlikehald, inkl. reinhald, vaktmeistertenester og driftsvedlikehald skulebygg	58,6
• kontorressurs	20,1
• driftsmidlar til materiell og utstyr	7,8

<sup>1</sup> Samla løyving til dei vidaregåande skulane frå programråda 510-532 i 2014

• tilskot til praksisopplæring i maritim og marin opplæring	1,5
• jordbruksskulegardar	3,0

Tenester som ikkje er lovpålagde	Løyving 2014 (i mill. kr)
• leining, ut over avtalefesta nivå	2,3
• rådgjeving, ut over avtalefesta nivå	1,0
• miljøkoordinator	4,4
• arbeidslivskontakt	4,4
• omstillingstiltak for pedagogisk personale/seniortiltak	5,8 <sup>2</sup>
• rekruttering og kompetanseutvikling pedagogisk personale	3,1
• digital satsing – kompetanseutvikling	1,0
• oppfølging av vedteke handlingsprogram	0,8
• folkehelsearbeid ved skulane	0,2
• analyse av elev- og lærlingundersøking	0,2
• fagnettverk	0,4
• spissa idrettstilbod for potensielle toppidrettsutøvarar	0,8
• innføringsgrupper for minoritetsspråklege	3,1
• sommarskule (mellombels statleg finansierte)	0,2

### 3.2 Vidaregåande opplæring i bedrift

#### 3.2.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):

2014	2015	2016	2017	2018
75,9	90,3	90,3	90,3	90,3

#### 3.2.2 Kjernenivå – lovpålagde tenester, førsteprioritet:

Tenester	Løyving 2014 (i mill. kr)
• tilskot til lærebedrifter	59,9
• fagprøvar	9,4
• restteori	0,6
• tilpassa opplæring i bedrift	2,2
• stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa, med bindingar frå sentrale styresmakter	3,0
• instruktøropplæring	0,6

#### 3.2.3 Framhald av dagens tenestenivå, andreprioritet:

Tenester som fylkeskommunen må ha, men som kan vurderast redusert til eit minimum	Løyving 2014 (i mill. kr)
• stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa	3,0
• instruktøropplæring	0,6

<sup>2</sup> Løyvingsnivå utan den mellombelse styrkinga i samband med omstillingsarbeidet som følgje av skulebruksplanen.

### 3.3 Vaksenopplæring

#### 3.3.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):

2014	2015	2016	2017	2018
4,5	3,5	3,5	3,5	3,5

#### 3.3.2 Kjernenivå – lovpålagde tenester, førsteprioritet:

Tenester	Løyving 2014 (i mill. kr)
• opplæringstilbud for voksne	4,3

#### 3.3.3 Framhald av dagens tenestenivå, andreprioritet:

Tenester som ikkje er lovpålagde	Løyving 2014 (i mill. kr)
• tilskot vaksenopplæringsforbundet (VOFO)	0,2

### 3.4 Landsliner

#### 3.4.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):

2014	2015	2016	2017	2018
3,7	3,7	3,7	3,7	3,7

#### 3.4.2 Kjernenivå – lovpålagde tenester, førsteprioritet:

- Fylkeskommunane har ikkje plikt etter lova til å ha landslinetilbod

#### 3.4.3 Framhald av dagens tenestenivå, andreprioritet:

Tenester som ikkje er lovpålagde	Løyving 2014 (i mill. kr)
• Drift av landslinetilboda inkl. driftsvedlikehald av skulebygg	3,7

### 3.5 Fagskuleutdanning

#### 3.5.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):

2014	2015	2016	2017	2018
22,3	22,3	22,3	22,3	22,3

### 3.5.2 Kjernenivå – lovpålagde tenester/minimumsnivå, førsteprioritet:

Tenester	Løyving 2014 (i mill. kr)
• Fagskuleutdanning, innanfor ramma av det statlege tilskotet	22,3 <sup>3</sup>

### 3.5.3 Framhald av dagens tenestenivå, andreprioritet:

Tenester	Løyving 2014 (i mill. kr)
• Fagskuleutdanning, ut over statleg tilskot	22,3

## 3.6 Andre føremål

### 3.6.1 Løyvingsnivå i budsjett og økonomiplan

Samla løyvingsnivå i perioden (i mill. kr):

2014	2015	2016	2017	2018
8,0	8,1	8,1	8,1	8,1

### 3.6.2 Kjernenivå – lovpålagde tenester, førsteprioritet:

Tenester	Løyving 2014 (i mill. kr)
• Opplæring i sosiale- og medisinske institusjonar	4,4
• Privatisteksamen	0,9

### 3.6.3 Framhald av dagens tenestenivå, andreprioritet:

Tenester som ikkje er lovpålagde	Løyving 2014 (i mill. kr)
• Karriererettleiing	1,1
• Tilskot til elevorganisasjonar	0,04

## 4. Vidare arbeid

Som føresett i notat til drøfting til HO i møtet 25.03. vil fylkesdirektøren leggje fram endeleg sak om prioritering for HO på møtet i juni. I saka vil fylkesdirektøren ha kortfatta omtale av føremål og kostnader ved ulike tenester og konsekvensar av å gjere endringar. For ein del av tiltaka vil det vere behov for nærare utgreiing av kostnader, effekt av tiltaka og konsekvensar av endringar. Fylkesdirektøren legg ikkje opp til å gjennomføre omfattande utgreiingsarbeid som grunnlag for HO-saka i juni. Saka til HO i juni vil ut frå dette synleggjere dei ulike deler av tenestene i sektoren og vere eit grunnlag for finansutvalet til å velje ut område der dei ønskjer nærare utgreiing.

<sup>3</sup> Samla løyving til fagskuleutdanning i 2014. Fylkeskommunal del av løyvinga, ut over løyvinga til fagskuleutdanning i rammetilskotet, utgjer 12,3 mill. kr

Som grunnlag for det vidare arbeidet med saka om prioritering ønskjer fylkesdirektøren at hovudutvalet for opplæring kjem med signal på prioritering innanfor og mellom dei skisserte tenesteområda / «pakkane».